



Årsmøte

Tysdag 27. januar 2026 kl. 19.00

Saksliste:

- | | |
|------------|--|
| Sak 1/2026 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| Sak 2/2026 | Konstituering og godkjenning av forretningsorden |
| Sak 3/2026 | Beretningar |
| Sak 4/2026 | Rekneskap 2025 |
| Sak 5/2026 | Innkomne saker |
| | a) Frikjøp |
| | b) Stønad til BUA |
| | c) Stønad til Norsk Folkehjelp |
| | d) Stønad til Sjukehusklovnane |
| | e) Vedtak om eigenandel ved manglande oppmøte på arrangement |
| | f) Stønad til Pride Alver |
| | g) Søknad frå Manifest Analyse |
| | h) Søknad frå Pensjon for alle |
| | i) Honorar styret |
| Sak 6/2026 | Handlingsplan 2026-2027 |
| Sak 7/2026 | Budsjett 2026 |
| Sak 8/2026 | Val |

Årsmøtesak 1/2026: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kunngjering annonsert i lokalavisa Nordhordland 24. desember 2025 inkl. digitalt og annonsert på Fagforbundet Alver si heimeside 4. januar 2026. Saksliste er sendt ut til alle plasstillitsvalde for kunngjering på arbeidsplassen og publisert på Fagforbundet Alver si heimeside 17. januar 2026.

Forslag til vedtak: Innkalling og saksliste vert godkjent.

Årsmøtesak 2/2026: Konstituering

Forslag til vedtak: Møteleiar: Thormod Bendiksen og Gunn-Tove K. Skjervheim

Sekretær: Liv Sagosen og Kari-Bente G. Skaar

Underskrift protokoll:

1.

2.

Forretningsorden

Årsmøtesak 3/2026: Beretningar

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Årsberetning for 2025 vert godkjent.

Årsmøtesak 4/2026: Rekneskap 2025

Sjå vedlegg 2

Forslag til vedtak: Det reviderte og godkjende rekneskapet for perioden 01.01.2025 – 31.12.2025 vert godkjent.

Årsmøtesak 5/2026: Innkomne forslag

a) Frikjøp

Fagforbundet Alver har hatt frikjøp innanfor ramme på kr. 390.000 og har hatt fullmakt til å disponere og regulere frikjøpet innanfor vedtatt ramme med unntak av fast frikjøp av kasserar med 20 %. Styret ønskjer å auke frikjøpsramma til kr. 743.000 då styret fast i tillegg til kasserar ønskjer at nestleiar frikjøpast 5%, Fane2 ansvarleg frikjøpast 15% og opplæringsansvarleg frikjøpast 20 %.

Bakgrunn for ønskje om å frikjøpe nestleiar er ekstra fokus på verving. Bakgrunn for ønskje om å frikjøpe Fane2 ansvarleg og opplæringsansvarleg fast er ein auke i pålagte oppgåver som tidlegare blei ivaretatt av Fylket.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner frikjøp innanfor ramme på kr. 743 000,-. Styret får fullmakt til å disponere og regulere frikjøpet innanfor vedtekne rammer.

b) Stønad til BUA

BUA er ein nasjonal ideell organisasjon som jobbar for at barn og unge skal få moglegheit til å prøve fleire og meir varierte aktivitetar. BUA er ei ordning for utlån av utstyr og vert drifta av frivilligsentralane og frivillige som har engasjert seg.

Ordninga er veldig populær blant innbyggjarane i Alver. Fagforbundet Alver har i fleire år gjeve støtte til BUA i Alver og vil gjerne fortsetje med dette. Styret foreslår at Fagforbundet Alver gjev stønad til BUA i Alver med kr. 30.000,-.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner stønad til BUA med kr. 30.000,- til innkjøp av utlånstutstyr. BUA får sjølv disponera midlane fritt til utstyr dei ønskjer å kjøpe inn til sitt sortiment.

c) Stønad til Norsk Folkehjelp

Fagforbundet Alver ønskjer å gje generell stønad til Norsk Folkehjelp sitt arbeid i krigsherja områder.

Styret foreslår at Fagforbundet Alver gjev Norsk Folkehjelp stønad til dette viktige arbeidet med kr. 20.000,-

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner stønad med kr. 20.000,-.

d) Stønad til Sjukehusklovane

Sjukehusklovnane er ei gruppe profesjonelle scenekunstnarar som har spesialisert seg på arbeid med barn på sjukehus. Gjennom improvisasjon, lydhøyre og ein heilt spesiell klovnekommunikasjon besøker dei pasientar, pårørende og helsepersonell. Saman skapar klovn og barn unike augeblikk der sjukehusets rutinar må vike for leik, latter og undring.

Kvifor støtte sjukehusklovnane?

- Dei kan tenne livsgnist, auke sjølvtilitt og hente fram barnets friske krefter.
- Effekten av latter og leik kan mobilisere uante ressursar i små og store kroppar.
- For føresette kan møtet med klovnen vere ein etterlengta pustepause når dei ser barnet fryde seg.
- Klovnanane kan ikkje endre situasjonen, men dei kan endre opplevinga – og skape positive minne midt i det vanskelege.

Styret foreslår at Fagforbundet Alver gjev Sjukehusklovane stønad til dette viktige arbeidet med kr. 20.000,-

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner stønad med kr. 20.000,-.

e) Vedtak om eigenandel ved manglande oppmøte på arrangementa

Fagforbundet Alver arrangerer jamleg kurs, møter og sosiale aktivitetar for sine medlemmer. Fråvær utan avmelding medfører unødvendige kostnader for fagforeininga og kan føre til at plassar står tomme som andre medlemmer kunne ha nytta.

Styret foreslår at medlemmer som melder seg på arrangement i regi av Fagforbundet Alver, men ikkje møter opp eller melder seg av innan oppgjeve frist, vil kunne få tilsendt ein faktura med eigenandel på kr. 200,-.

Grunngjeving:

- Fråvær utan avmelding medfører ekstra kostnad for fagforeininga.
- Eigenandel skal bidra til å dekke utgifter og motivere til ansvarleg påmelding.
- Avmelding må skje innan den fristen som er oppgitt i invitasjonen.

Unntak:

- Sjukdom eller andre tungtvegande grunnar kan gje fritak frå eigenandelen.
- Søknad om fritak vert behandla av styret.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner eigenandel ved manglande oppmøte på arrangement med kr. 200,-. Vedtaket er gjeldande frå og med 27. Januar 2026.

f) Stønad til Pride Alver

Forslag frå medlem om stønad til Pride Alver

Bakgrunn: Pride Alver er eit viktig lokalt initiativ som fremjar mangfald, inkludering og like rettigheter for alle, uavhengig av seksuell orientering og kjønnsidentitet. Arrangementet bidrar til å skape eit trygt og opent

lokalsamfunn, og set verdier som likestilling og respekt på dagsorden. Dette er verdier som Fagforbundet står for, både lokalt og nasjonalt.

Forslag til vedtak:

- Å gje økonomisk stønad på kr. 5.000,- til Pride Alver for gjennomføring av arrangement i 2026.
- Å ha en ambisjon om samarbeid og å bidra med praktisk hjelp ved arrangement der det er mogleg.
- Å oppfordre medlemmer til å delta i markeringen for å vise solidaritet og støtte til mangfald og inkludering.

Grunngjeving: Som fagforeining har vi eit ansvar for å fremje likestilling, mangfald og eit inkluderande arbeidsliv. Ved å gje stønad til Pride Alver viser vi at vi står opp for desse verdiane, og bidrar til eit lokalsamfunn der alle kan føle seg trygge og respekterte. Dette er i tråd med Fagforbundet sine prinsipp om likeverd og rettferdighet.

Forslag til vedtak: Styret tilrår å gje stønad på kr. 5.000,- til arrangement lokalt i 2026. Styret tilrår ikkje vidare føringar ut over økonomisk støtte.

g) Søknad om støtte frå Manifest Analyse.

Styret har mottatt søknad frå Manifest Analyse på driftstilskot. Manifest Analyse er ei tankesmie i Norge som leverer analyser og fakta til fagrørsla.

Forslag til vedtak: Styret tilrår ikkje å gje stønad, då vi heller ønskjer å gje stønad til lokale tiltak.

h) Søknad om stønad frå Pensjon for alle

Styret har fått søknad frå Pensjon for alle. Pensjon for alle er ein nasjonal foreining under LO.

Forslag til vedtak: Styret tilrår ikkje å gje stønad, då vi heller ønskjer å gje stønad til lokale tiltak.

i) Honorar styret

Styret har i dag ulike honorar som vart vedteke på årsmøtet i 2022. Styret ser at arbeidet i fagforeiningsstyret krev meir og meir. Styret har møte 1 gong per månad i tillegg til møte i yrkesseksjonane og alle arrangementa gjennom året som både skal planleggast og deltakast på. Den politiske situasjonen i Alver med økonomi og mogleg konkurranseutsetting av tenester krev og ekstra. Alt dette er arbeid som blir gjort på fritida. For dei som har frikjøp er det og mykje arbeid på fritid i tillegg.

Styret ønskjer å auke styrehonoraret til alle som er vald til hovudstyret til kr. 10.000. Tidlegare årsmøtevedtak om min. 50% deltaking på styremøter for å få utbetalt fullt honorar gjeld framleis.

Styret ønskjer å auke møtegodtgjersle for medlemmer av yrkesseksjonsstyra og utval, slik at dei får utbetalt kr. 500,- for kvart styremøte, inkludert eventuelle reiseutgifter.

Styret anerkjenner at det er mye jobb å sitte i valkomiteen og ønskjer difor å auke honorar til kr. 2.000,-. Revisorar har også ein stor jobb og styret ønskjer difor å auke honorar til kr. 1.000,-.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner dei nye satsar for honorar og møtegodtgjersler.

Årsmøtesak 6/2025: Handlingsplan 2026-2027

Sjå vedlegg 3

Det er vedteke i Fagforbundet at handlingsplanar skal være 2 årrige. Handlingsplan for 2026-2027.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner Handlingsplan for 2026-2027.

Årsmøtesak 7/2025: Budsjett 2025

Sjå vedlegg 4

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2025 som det er lagt fram, og gjev styret fullmakt til å omdisponere budsjettet etter behov innanfor vedtekne rammer.

Årsmøtesak 8/2025: Val

Sjå vedlegg 5

Valkomiteen har hatt følgjande samansetning:

Leiar Liv Eriksen Eide	Yrkesseksjon kontor og administrasjon
Cecilie Kårbø	Yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst
Jannicke Bertelsen	Yrkesseksjon kontor og administrasjon
Eva Kristin Wedøe	Yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst

Gunn-Tove Kalnes Skjervheim har vore representant frå styret.